

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torill Telstad	K2-S04	17/262

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/25	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	11.02.2025
007/25	Kommunestyret	PS	06.03.2025
006/25	Formannskapet	PS	12.02.2025

Uttale – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vurdering av vilkårsrevisjon for Røldal Suldal kraftverk

Kommunedirektøren si innstilling

1.

Suldal kommune rår til at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK), under føresetnad av at vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i *“Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikrar leveområde for villrein.

2.

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i *“Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Sand, 10.03.2025

Vedlegg:

Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk

Suldal kommune si faglege vurdering av konsesjonssøknad om opprusting og utviding av Røldal Suldal Kraftverk samt revisjonsdokument for same kraftverk

Revisjonsdokumentet for Røldal Suldal kraftverk - Lyse sitt svar på revisjonskrava

Brev frå NVE 22.04.24 Høyringsbrev for revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga

Brev frå NVE 16.03.22 Vedtak om revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal-Suldal-utbyggingen

Brev frå Suldal kommune 30.06.21 til Olje- og energidepartementet- Røldal Suldal Kraft Røldal-Suldal revisjonskrav sett fram av Ullensvang og Suldal kommunar 2019

Brev frå Suldal kommune 18.10.19 Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal-Suldal

Samandrag

Lyse Kraft har i brev dagsett 21.12.23 sendt inn svar til NVE på Suldal og Ullensvang kommune sitt krav om vilkårsrevisjon av Røldal Suldal utbygginga. Lyse Kraft DA har på vegne av kraftverka i Røldal -Suldal (RSK DA) i same brev søkt om opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Søknaden om opprusting gjeld konsesjon for å byggje og drive 5 nye kraftverk. I austre vassdrag i Suldal kommune gjeld dette Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. I vestre vassdrag i Ullensvang kommune gjeld dette Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. Kraftverka vil nytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk. Ei eventuell utbygging vil gje ei effektoppgradering (meir produsert straum ved behov til rett tid) på 665 MW. Netto straumproduksjon vil grunna bruk av straum til pumping gå ned med 119 GWh.

NVE har i brev dagsett 23.04.2024 sendt søknaden om ny konsesjon og revisjonsdokumentet ut på offentleg høyring. Saka er omfattande og Suldal kommune har difor konsentrert si uttale om utbygging av "austre grein" og tiltak i revisjonsdokumentet som gjeld Suldal. Dette saksframlegget m/vedtak og vedlegg 1, er forslag til Suldal kommune si uttale til NVE.

NVE skal handsame konsesjonssøknaden og revisjonsdokumentet og vil i den samanheng, etter denne høyringa, gjennomføre ei synfaring. NVE gir så ei innstilling til Energidepartementet. Dersom Suldal kommune og andre høyringspartar har nye moment eller merknader i saka på dette stadiet, kan desse sendast departementet. Om departementet vurderer at konsesjonen bør innvilgast går saka til Kongen i statsråd for slutthandsaming.

- Forslag til uttale til NVE er lagt fram i "*Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk*". Vedlegg 1.
- Fagleg grunngjeving og vurdering av krav og merknadar sett fram i høyringsvar frå Suldal kommune er gjort i "*Suldal kommune si faglege vurdering av konsesjonssøknad om opprusting og utviding av Røldal Suldal Kraftverk samt revisjonsdokument for same kraftverk*" Vedlegg 2.

Kapittelnummer samsvarar i vedlegg 1 og 2 slik at det skal vere enkelt å finne dei faglege vurderingane bak vilkår og merknader som vert fremma i Suldal kommune sitt høyringssvar

Fakta

Lyse Kraft DA har på vegne av RSK DA søkt NVE om konsesjon for å byggje og drive 5 nye kraftverk. I vestre vassdrag i Ullensvang kommune er dette Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. I austre vassdrag i Suldal kommune er det Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil nytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje ein meir fleksibel produksjon av kraft. I nokre av reguleringsmagasina vil vass standen gå hyppigare opp og ned, Holmavatnet vil og få auka reguleringssone. Dei største synlege nye inngrepa vil vere tunnelinnslag, tippar, bekkeinntak, nye leidningsnett og koplingsstasjon. I Suldal vil dei fysiske tiltaka i hovudsak vere synleg i området mellom Nesflaten og Sandvatn.

Totalt vil ei utbygging gi ei effektauke på 665 MW. Samla sett i austre og vestre vassdrag vil den omsøkte løysinga i tillegg gi brutto ca. 800 GWh auka årleg kraftproduksjon. Netto straumproduksjon vil grunna bruk av straum til pumping gå ned med 119 GWh (tilsvarande straumforbruket til alle husstandar i Eigersund kommune).

Teknisk plan for austre vassdrag ligg i kapittel 3.7 i konsesjonssøknaden (s. 36-57). Omtale av effektoppgradering og nedgong i nettoproduksjon kapittel 3.1 - 3.3 (s. 18-19).

Vedlegg 4: [Konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk](#)

Ullensvang og Suldal kommune fremma felles krav til vilkårsrevisjon for kraftverka Røldal-Suldal (RSK) i brev dagsett 18.10.2019. Det blei i tillegg sendt eit brev til Energidepartementet 30.06.2021 der fleire av problemstillingane i revisjonskravet blir gjentatt, men der det og blir fremma at revisjonen av RSK anlegga må sikra gode økonomiske vilkår for vertskommunane slik det er lova gjennom vasskrafta si historie.

Lyse sitt revisjonsdokument er eit tilsvar på kommunane sine krav. Her er framlegg til løysingar som innfrir krav, medan andre krav blir foreslått å ikkje bli innfridd. Fleire av dei avbøtande tiltaka er kopla til gjennomføringa av det konsesjonssøkte O/U-prosjektet. Dette gjeld mellom anna forslag om å bygge Nordmork kraftverk for å få auka vassføring i Roaldkvamsåna, utan for store økonomiske tap og tap av kraftproduksjon.

Vedlegg 5: [Revisjonsdokumentet for Røldal Suldal kraftverk](#)

Det er gjennomført konsekvensutgreiing (KU) av tema landskap, naturmiljø, kulturminne og naturmiljø, friluftsliv, fisk og ferskvassøkologi, vassmiljø, naturressursar og villrein. Desse visar at alle fagtema kjem ut med noko negativ til middels negativ konsekvens. Unntaket er fisk og ferskvassøkologi som kjem ut med positiv konsekvens i austre vassdrag på grunn av auka vassføring i Roaldkvamsåna.

Alle konsekvensutgreiingane er oppsummert i konsesjonssøknaden (vedlegg 4) i kapittel 4 "*Virkninger for miljø, naturressuser og samfunn*". Dei fullstendige KU rapportane frå Norconsult ligg på NVE sine heimesider.

Lover, føresegner, rundskriv

To av dei mest sentrale av ei rekkje lover er:

Vassdragsreguleringslova
Naturmangfaldlova

Økonomiske konsekvensar

Suldal kommune vil få auka kraftinntekter, men det er snakk om relativt små tal. Samla sett kan kommunen få opptil 6 millionar kr i årleg auka kraftinntekter (4 millionar kr i frå eigedomsskatt og 2 millionar kr i frå konsesjonsavgift) så lenge makstaket blir lagt til grunn. Det heftar noko usikkerheit til desse tala.

Næringslivet i Suldal vil tene på utbygginga i anleggsfasen. Lyse har stipulert at det kan bli 10 nye varige arbeidsplassar til saman i Ullensvang og Suldal knytt til utbygginga.

Det er gitt ei nærare vurdering av dei økonomiske konsekvensane for Suldal kommune i vedlegg 2 - kapittel 2.14.

Folkehelse

Anleggsarbeidet vil medføre omfattande aktivitet i områda rundt Nesflaten, Roaldkvam, Bleskestad og Sandvatn, inkludert støy og auka tungtransport. I tillegg kan deponering av massar føre til støvflukt under opparbeidinga. Ved ei eventuell utbygging er det krav om utarbeiding av ein miljøplan. Handtering av tungtrafikk, støy og støv må innarbeidast her, slik at påverknaden på lokalmiljøet blir minst mogleg og innafor lovkrav.

Under normal drift har vasskraftverk som regel lite direkte påverknad på folkehelsa.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Suldal kommune mot 2034 – kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034

Suldal kommune kommuneplanen sin arealdel 2023-2034

Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)

FNs berekraftsmål, FNs natur- og klimaavtalar

Innkomne uttalar

NVE har hatt både søknaden og vilkårsrevisjonen på offentlig høyring. Høyringsfristen er no gått ut, men Ullensvang og Suldal kommune har utsett høyringsfrist til 10. mars.

Statsforvaltaren i Rogaland har gitt uttale med motsegn. Grunngeving er uakseptable konsekvensar for villrein. Rogaland fylkeskommune v/fylkesutvalet ser generelt positivt på oppgradering av vannkraftsystemet i Røldal-Suldal. Fylkesutvalet er i si uttale opptatt av at utbygging av nye kraftverk må gje ringverknader både lokalt og regionalt og oppfordrar departementet til å sikre kommunane ein reell kompensasjon.

Alle innkomne innspel kan lesast på NVE sine nettsider.

[Uttalar til vilkårsrevisjonen ligg her](#)

[Uttalar til utbyggingssøknaden ligg her](#)

Vurdering og konklusjon

Saka er omfattande og kommunedirektøren har derfor velt å samle dei faglege vurderingane av konsesjonssøknaden og vilkårsrevisjonen i eit eige dokument.

- Vedlegg 2: *“Suldal kommune si faglege vurdering av konsesjonssøknad om opprusting og utviding av Røldal Suldal Kraftverk samt revisjonsdokument for same kraftverk”.*

Vilkår og merknader som er komen fram i dei faglege vurderingane er sett inn i forslag til høyringssvar:

- Vedlegg 1: *“Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk”.*

Konsesjonssøknad

Skal me lykkas med det grøne skiftet er vi avhengig av å oppgradera vasskrafta. Å byggje på skuldrene av allereie utbygde område er i et natur- og miljøvernperspektiv å føretrekka framfor utbygging av nye uberørte område. I det større bildet vil dette vere med å sikre at me når nasjonale mål knytt til bevaring av natur og miljø, og samstundes sikra nødvendig modernisering og tilpassing av norsk vasskraft.

Suldal, som vertskommune for fleire kraftverk, spelar ei viktig rolle i å legge til rette for at ny teknologi kan fungere effektivt og berekraftig. Kommunen må balansere mellom å vere energiproducent og samstundes ta vare på dei unike naturverdiane i området. Utbyggingar påverkar naturen, m.a. leveområda til ansvarsart villrein (art med vesentleg del av si naturlege utbreiing eller genetiske særtrekk i Noreg).

For vurdering av opprusting og utviding kan nasjonale, regionale og lokale mål og behov for meir fornybar kraftproduksjon tale for å godkjenne omsøkte konsesjonssøknad.

Nasjonale, medrekna våre internasjonale forpliktingar, regionale og lokale naturmål kan tale mot å godkjenne omsøkte konsesjon. Nasjonale, regionale og lokale klimamål kan tale både for og mot omsøkte konsesjon.

Suldal kommune, og nasjonale mynde, si oppgåve er ut frå eit tilstrekkeleg godt nok kunnskapsgrunnlag, å finne kva løysing som kan gi ei god nok balanse mellom ovannemnde kraft-, natur- og klimamål, ut frå samfunnet sine behov i dag og for kommande generasjonar. I dette ligg det vurderinga av kryssande interesser og krevjande dilemma, særleg kva som tener klima- og naturmål samla best i sum.

Kriteriar for å gje konsesjon etter vassdragsreguleringsloven § 5 er:

“Konsesjon etter denne lov kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger de skader og ulemper for allmenne eller private interesser som blir berørt av tiltaket. Det skal også tas hensyn til andre skade- og nyttevirkninger av samfunnsmessig betydning”.

Kommunedirektøren si samla vurdering er at Suldal kommune bør rå til at NVE gir Lyse Kraft DA konsesjon for omsøkte utbygging. Grunngeving er dei store samfunnsmessige interessene i ein meir fleksibel kraftproduksjon. Kommunedirektøren vurderer likevel at søknaden slik den no ligg føre har manglar både på utgreiingar og forslag til gode nok avbøtande tiltak. Kommunedirektøren rår difor til at kommunen i si uttale gir vilkår og merknader til innhald i søknaden som må utbetrast, takast inn eller endrast. Dette for å sikra nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn betre og tilstrekkeleg, og særleg sikre leveområde for villrein.

Vilkårsrevisjon

Hovudmålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, samstundes som ein vurderer endringar opp mot kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er meint å innebere ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra, mellom anna når det gjeld natur og miljø.

I vilkårsrevisjonsdokumentet svarar Lyse Kraft ut nokre av krava som vart sett, mens andre blir avvist. Kommunedirektøren vurderer det som positivt at det er føreslått å imøtekomme kravet om minstevassføring i Roaldkvamsåno og slutt på slepp av vatn i Holmevassåno vinterstid. Begge løysingane som er lagt fram er imidlertid avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon til ny utbygging.

Vilkår som ikkje vert imøtekomne er kravet om minstevassføring i Brattlandsdalsåno og Stølsåno og kravet om næringsfond. Det er ikkje vanleg å opne for å vurdere næringsfond i ein vilkårsrevisjon. Kommunedirektøren si vurdering er imidlertid at i Røldal Suldal saka er NVE av Stortinget spesielt bedt om å vurdere om det er spesielle omsyn som gir grunnlag for etablering av næringsfond eller andre økonomiske vilkår. Lyse avviser kravet, men kommunedirektøren si vurdering er at dette er eit krav som bør stå ved lag.

Kommunedirektøren rår til at Suldal kommune sin høyringssvar til NVE vert dokumentet "Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk" (vedlegg1). Ettersom fristen er nær må endringar og tillegg til framlegget vere konkrete og fremjast i samband med kommunestyret si handsaming 6. mars.

11.02.2025 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Nytt forslag til vedtak og uttale, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

Forslag til vedtak:

1. Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk (RSK) då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv er for store. Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følge, slik dei kjem fram i *"Høyringssvar frå Suldal kommune - konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt villkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk"*

2

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i *"Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk"*

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk

Suldal kommune viser til NVE sitt brev dagsett 23.04.2024 der Lyse kraft sin søknad om ny konsesjon for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk er lagt ut på offentleg høyring. Høyringa gjeld og revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal Suldal kraftverk.

1. Konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk

Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv er for store. Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følgje. Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikre leveområde for villrein.

1.2. Vilkår og merknader, konsekvensutgreiingar

Alternativ vurdering

Suldal kommune saknar alternativ vurdering i søknaden der det er vurdert løysingar som kan vere mindre miljø- og naturbelastande.

Sjølv om det er alternativ som vert forkasta, kan dei i nokre tilfelle belyse og gje idear til løysingar i den endelege konsesjonen. Suldal kommune si vurdering er difor at alternativvurderingar må bli ein del av søknaden.

Samla belastning

Suldal kommune forventar at NVE ser på dei samla konsekvensane for heile Ryfylke – Setesdal området, under handsaming av Lyse sin konsesjonssøknad, spesielt med tanke på samla belastning for villreinstammen.

Suldal kommune er bekymra for ei bit for bit vurdering av nye utbyggingar. I tillegg til ei «kraftkrise» står me og ovanfor ei «naturkrise», der bevaring av natur er eit overordna nasjonalt og internasjonalt mål.

Avbøtande tiltak

Konsekvensutgreiingane er mangelfulle når det gjeld avbøtande tiltak. Ulike avbøtande tiltak, spesielt med tanke på villrein, naturmangfald og landskap må utgreiast i langt større grad enn det som er gjort til no i KU.

1.4. Vilkår og merknader, fisk og vassforvaltning

Utbyggingsløyisinga som inkluderer Nordmork kraftverk synes å vere ei god løysing då dette inkluderer minstevassføring betydeleg over dagens lågvassføring i Roalkvamsåa. Dette vil vere viktig for storaure av nasjonal verdi. Det er rimeleg at minstevassføring skal gjelde frå det tidspunkt Suldal 2B kraftverk blir sett i drift, likevel innanfor ein periode på 5-7 år gjeldande frå konsesjonsdato.

For Isvatnet vil opphøyr av regulering gi forbetring for fisk og vassmiljø. Suldal kommune støttar opp om dette. Suldal kommune er meir skeptiske til bekkeinntaket i Tverrelva og meiner NVE bør vurdere om det ikkje er betre om elva får ha god økologisk tilstand å drenere til magasinet Sandvatn som i dag.

I Holmavatnet bør det stillast vilkår om ei manøvrering som sikrar skjoldkreps og dermed opprettheld viktige delar av dietten for aure i vatnet. Dette vil vere eit avbøtande tiltak som reduserer dei negative sidene ved ei ytterlegare regulering.

Det må gjennomførast undersøkingar i bekkar/elver der kunnskapsgrunnlaget er svakt. Dette for si noko om å miljømål og miljøtilstand, samt vurdering av eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, deriblant minstevassføring.

NVE må pålegge Lyse kraft ei utgreiing som svarar ut korleis endra vasslepp i Suldalsvatnet kan påverke vassstemperatur, og dermed miljø- og fiskeforhold i Suldalslågen. Dersom det er slik at endra vasslepp etter søknad kan endre temperaturforhold i Suldalslågen i negativ retning, må det innførast vilkår som gjer at dette kan snuast i positiv retning for miljø- og fiskeforhold.

1.5. Vilkår og merknader, naturmangfald

Det må gjennomførast betre konsekvensutgreiing på naturmangfald og eventuelt innarbeidast naudsynte avbøtande tiltak. Mellom anna er vurderingane på rovfugl og vilt basert utelukkande på mangelfull eksisterande kunnskap. Det er registrert raudlista rovfuglar i området, utan at dette er følgd opp med kartlegging.

1.6. Vilkår og merknader, villrein

For at villreinen skal bli ivaretatt må det gjennomførast tiltak for å sikre villreintrekk på Holmavatnet, Tverrdalen/Sæbyggedalen og Votna (utveksling med Hardangervidda).

- Det må innførast vilkår i manøvreringsreglement for Holmavatnet som sikrar gode isforhold i perioden frå islegging (ca 1. desember) til utgangen av mars.

- Det må innførast vilkår i manøvreringsreglement for Votna som sikrar gode isforhold i perioden frå islegging (ca 1.desember) til utgangen av mars.
- NVE må pålegge Lyse Kraft å få utarbeida ei utgreiing om landbruer/villreintersklar i Votna med sikte på praktisk gjennomføring for å betre moglegheita for villreintrekk.
- Vinterferdsel i Tverrdalen og Sæbyggedalen må haldast på eit minimumsnivå for å unngå forstyrring i forhold til villreinens beite og trekkaktivitet. Det må vere eit vilkår om at vegen til kraftstasjonsportal må vere vinterstengd og ikkje brøyta.

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for arten i Setesdal Ryfylke er dårleg. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom nasjonal tiltaksplan for villrein.

Kunnskapsgrunnlaget er tydeleg på at den samla belastninga ved utbyggingsløyisinga i delområda ved Votna, Tverrdalen/Sæbyggedalen og Holmavatnet gir ei samla auka belastning for villreinen. Å tillate fleire inngrep som forverrar tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er i strid med gjeldande retningslinjer, nasjonale mål og pågåande tiltak for å betre tilstanden i villreinområda.

Ei godkjenning av konsesjon slik den no ligg føre, med vesentleg negativ konsekvens for villrein, samstundes med pågåande nasjonalt og lokalt arbeid med tiltaksplanar for betre levevilkår villrein, kan svekke støtte og legitimiteten til dette viktige arbeidet, fordi ansvaret for måloppnåing då ytterlegare blir lagd på andre brukargrupper og mynde i fjellet, slik som kommunar, grunneigarar, ålmenta og aktørar innan friluftsliv

1.7. Vilkår og merknader, landskap

Konsekvensutgreiinga for landskap er mangelfull. Opprustingane av vegtrasear, tunellar, nye linjer og ny stor koplingsstasjon er ikkje vurdert og det er difor heller ikkje vurdert avbøtande tiltak. Kommunen er ikkje samd i at verdien av delar av kommunens sitt største KULA område er sett ned og at områdekonsekvensane for landskap samla sett er sett til «noko negativ konsekvens». Dei samla reelle inngrepa, spesielt frå Håmo til Sandvatn vil prege den framtidige landskapsoppfatninga.

1.10. Vilkår og merknader, friluftsliv

Suldal kommune saknar ei reell vurdering av om meir usikker is på Holmavatn vil bety at dei kvista skiløypene over vatnet må leggst ned.

Det er foreslått å legge løypene på land, med det er ikkje konsekvensutgreidd om dette er mogleg og kva konflikhtar dette eventuelt får med trekk-korridorar og vinterbeiteområder til villrein i området. Lyse skriv i søknad at dei er innstilt på å sjå på moglege alternative trygge vintertrasear saman med DNT. Suldal kommune si vurdering er at dette er for seint å gjere i etterkant og forhold til villrein må vere med i vurderinga.

Suldal kommune saknar ei vurdering av om ei utbygging vil føre med seg at tilkomsten til området vert heilt eller delvis stengt for turfolk, fiskarar, jegerar, beitenæringa og grunneigarar i fleire sesongar under anleggsperioden.

1.13. Vilkår og merknader, linjenett

Det er ein svakheit med søknaden at konsekvensane av nytt transmisjonsnett og ny koplingsstasjon til Statnett ikkje vert vurdert samla med Lyse sitt framlegg til utbygging. Eit arealbeslag på 50-60 dekar pluss høgspenbledingar med sikringssoner inn og ut til anlegget vil prege landskapet kraftig. Statnett sine anlegg vil og krevje oppgradering av infrastrukturen i området. Alt dette burde vore ein del av den samla vurderinga i KU, spesielt for landskap, naturmangfald og samfunn.

1.14. Vilkår og merknader, plan

Skal Suldal kommune gje dispensasjon frå kommuneplanen til omfattande ny utbygging er det avgjerande at kommunen finn fordelane med ei slik utbygging klart større enn ulemper og at gode avbøtande tiltak er innarbeid.

Delar av ei eventuell utbygging vil trenge dispensasjonar frå kommuneplanen sin arealdel. Suldal kommune har i fleire kommuneplanperiodar hatt ei restriktiv haldning til all ny bygging i heiområda, noko som og er vedteken i arealstrategien i kommuneplanen. Utbygginga skal i tillegg gjennomførast i område som er sett av som omsynssone for villrein, nasjonalt villreinområde og kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

1.15. Vilkår og merknader kraftinntekter

Suldal kommune ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.

Suldal kommune bør få konsesjonskrafta som er relatert til kraftutbygginga. Konsesjonskraft er erstatning/kompensasjon for dei ulemper og inngrep kraftutbygginga medfører. NVE bør vurdere om det er grunnlag for å rekne pumpekraft som allminneleg forbruk.

Suldal kommune vil få auka kraftinntekter, men det er snakk om relativt små tal samanlikna med inngrepet. Samla sett så kan kommunen få opptil 6 millionar kr i årleg auka kraftinntekter (4 millionar kr i frå eigedomsskatt og 2 millionar kr i frå konsesjonsavgift) så lenge makstaket blir lagt til grunn. Det vil i tillegg kome inntekter i frå eigedomsskatt i frå nettutbygging.

2. Merknader til vilkårsrevisjonsdokumentet for Røldal Suldal

Suldal kommune fremmer sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram under. Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje til opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraft.

2.5. Roaldkvamsåna

Suldal kommune støttar Lyse sitt framlegg til løysing av kravet.

Dersom Nordmork kraftstasjon ikkje blir bygd, må ei miljøtilpassa vassføring i Roalkvamsåa gis på anna måte, til dømes gjennom slepp frå Kvanndalsfoss. Dette må vere innan 2033 jamfør måloppnåing for regionalplan for vassforvaltning.

I tillegg til miljøtilpassa vassføring må det gjennomførast erosjon- og biotopforbetrande tiltak. For å optimalisere vassmengda/habitatet bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring.

2.6. Brattlandsdalsåna

Det må vere eit vilkår om miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa. Dette vil vere viktig for storaure av nasjonal verdi, samt laks. Det må utgreiast nærare om vassføringa bør komme frå Røldalsvatnet og dermed gi ei minstevassføring og positive verknadar for heile dalføret, eller om ein skal pumpe vatn opp frå Suldalsvatnet (om lag 700 m) slik Lyse kraft beskriv.

I tillegg til miljøtilpassa vassføring må det gjennomførast erosjon- og biotopforbetrande tiltak. For å optimalisere vassmengda/habitatet bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring.

2.7. Stølsåna

Lyse Kraft vurderer slepp frå Stølsåa som ei dårleg løysing for å betre forholda for storaure og laks. Suldal kommune støttar dette, men desto viktigare er det med miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa.

2.8. Isvatnet

Dersom O/U-prosjektet ikkje realiserast må det innførast vilkår som betrar erosjonsforholda og vassmiljøet i Isvatnet og vassdraget nedstrøms. Det beste her vil vere å la vasstanden renne «naturleg» frå Isvatnet med fastsett vasstand, sekundært at vintertappinga skjer over ein lengre periode enn i dag.

2.9. Vassmiljø

NVE må pålegge Lyse Kraft å innhente eit godt kunnskapsgrunnlag om alle vassførekomstane i konsesjonen. Dette for si noko om å miljømål og miljøtilstand, samt vurdering av eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, deriblant minstevassføring.

Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon er å betre miljø- og naturforholda. Da er det ei føresetnad at kunnskapsgrunnlaget er på plass. For mange bekker/elver er kunnskapsgrunnlaget framleis dårleg.

2.10. Forvaltning innlandsfisk

Det føreligg eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld innlandsfisk i magasina. Det ligg dermed godt til rette for å oppdatera utsettingspålegg knytt til vassdraga. Suldal kommune si vurdering er at kravet er innfridd og at saka kan følgast opp i anna relevant samanheng enn vilkårsrevisjon.

2.11. Villrein

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til eit villreinfond etter etablert praksis. Fondet må ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.

Dersom det ikkje blir gitt konsesjon for O/U-prosjektet for austre vassdrag, eller det av anna grunn ikkje blir ei utbygging, må det påleggast at det blir etablert ein eller fleire villreintersklar over Holmavassåna.

NVE må pålegge Lyse kraft å greie ut fordelar og ulemper med ei restaurering/tilbakeføring av anleggsveg mellom Sandvatnet og Holmavatnet før ein tek ei slutning. Det må og vurderast flytting av bom lenger vest enn der den står i dag.

2.12. Kulturminne

Det må gjennomførast nye og avgrensa registreringar langs og i regulerte vatn med nye vitskaplege metodar. Dette for å sikre kunnskap og vurdere kulturminnas skadeomfang og moglege tiltak.

2.14. Næringsfond/økonomiske vilkår

Lyse Kraft må få pålegg om å opprette eit næringsfond for Suldal kommune. Omfang og innretning av eit slikt næringsfond skal avklarast nærare.

Det må sikrast at vertskommunane:

- får det samfunnskontrakten og vasskraftshistoria har lova
- får ei rettferdig del av den store verdiskapinga som RSK anlegga representerer

2.15. Nye krav

Grubbedalen: Det må gjennomførast tiltak i Grubbedalen for å betre erosjonskader og landskapsverdi.

Det beste tiltaket for natur og landskap vil vere å overføre vatn frå magasina i Grubbedalen uregulert til Votna i dagens tunellar (slik Isvatn er foreslått "uregulert" til Holmavatn).

Votna: NVE må pålegge Lyse Kraft å få utarbeida ei utgreiing om landbruer/villreintersklar i Votna med sikte på praktisk gjennomføring for å betre moglegheita for villreintrekk.

Forslag SP, foreslått av Berit Fyljesvoll Haugslund, Senterpartiet

...og negativ påverknad på lokale grunneigarar og landbruk.

Konsesjonen bør ha med vilkår for Statnett sine nettutbygginger som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.

Trafikksikrings tiltak, foreslått av Stian Ollila, Arbeiderpartiet

Det må inn tiltak for en trafikksikrings plan for berørt vei i forhold til myke trafikanter. Må inn i konsesjonssøknaden.

Reidar Sand SV fremmar forslag.

Berit Fyljesvoll Haugslund SP ber om gruppemøte.

Gruppemøte 12.07

Gruppemøte til kl.12.20.

Forslag fremma av Stian Ollila AP

Berit Fyljesvoll Haugslund SP fremmar tillegg til forslaget frå SV

Kl.12.28 Gruppemøte 1 min

RØYSTING

Innstillinga frå Kommunedirektøren

For: Stian Ollila AP

Forslag frå SV

For: 4 SV, SP, Kristine Bøe Berge AP

Tillegg frå AP

For: Samrøystes

Tillegg frå SP:

Samrøystes

LMT - 006/25 Vedtak:

1. Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk (RSK) då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv og negativ påverknad på lokale grunneigarar og landbruk er for store.

Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følge, slik dei kjem fram i *“Høyringsvar frå Suldal kommune - konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt villkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk”*

Konsesjonen bør ha med vilkår for Statnett sine nettutbygginger som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.

Det må inn tiltak for en trafikksikrings plan for berørt vei i forhold til myke trafikanter. Må inn i konsesjonssøknaden.

2

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i *“Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt villkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»*

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at villkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk

Suldal kommune viser til NVE sitt brev dagsett 23.04.2024 der Lyse kraft sin søknad om ny konsesjon for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk er lagt ut på offentlig høyring. Høyringa gjeld og revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal Suldal kraftverk.

1. Konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk

Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv er for store. Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følge. Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikre leveområde for villrein.

1.2. Vilkår og merknader, konsekvensutgreiingar

Alternativ vurdering

Suldal kommune saknar alternativ vurdering i søknaden der det er vurdert løysingar som kan vere mindre miljø- og naturbelastande.

Sjølv om det er alternativ som vert forkasta, kan dei i nokre tilfelle belyse og gje idear til løysingar i den endelege konsesjonen. Suldal kommune si vurdering er difor at alternativvurderingar må bli ein del av søknaden.

Samla belastning

Suldal kommune forventar at NVE ser på dei samla konsekvensane for heile Ryfylke – Setesdal området, under handsaming av Lyse sin konsesjonssøknad, spesielt med tanke på samla belastning for villreinstammen.

Suldal kommune er bekymra for ei bit for bit vurdering av nye utbyggingar. I tillegg til ei «kraftkrise» står me og ovanfor ei «naturkrise», der bevaring av natur er eit overordna nasjonalt og internasjonalt mål.

Avbøtande tiltak

Konsekvensutgreiingane er mangelfulle når det gjeld avbøtande tiltak. Ulike avbøtande tiltak, spesielt med tanke på villrein, naturmangfald og landskap må utgreiast i langt større grad enn det som er gjort til no i KU.

1.4. Vilkår og merknader, fisk og vassforvaltning

Utbyggingsløysinga som inkluderer Nordmork kraftverk synes å vere ei god løysing då dette inkluderer minstevassføring betydeleg over dagens lågvassføring i Roalkvamsåa. Dette vil vere viktig for storaure av nasjonal verdi. Det er rimeleg at minstevassføring skal gjelde frå

det tidspunkt Suldal 2B kraftverk blir sett i drift, likevel innanfor ein periode på 5-7 år gjeldande frå konsesjonsdato.

For Isvatnet vil opphøyr av regulering gi forbetring for fisk og vassmiljø. Suldal kommune støttar opp om dette. Suldal kommune er meir skeptiske til bekkeinntaket i Tverrelva og meiner NVE bør vurdere om det ikkje er betre om elva får ha god økologisk tilstand å drenere til magasinet Sandvatn som i dag.

I Holmavatnet bør det stillast vilkår om ei manøvrering som sikrar skjoldkreps og dermed opprettheld viktige delar av dietten for aure i vatnet. Dette vil vere eit avbøtande tiltak som reduserer dei negative sidene ved ei ytterlegare regulering.

Det må gjennomførast undersøkingar i bekkar/elver der kunnskapsgrunnlaget er svakt. Dette for si noko om å miljømål og miljøtilstand, samt vurdering av eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, deriblant minstevassføring.

NVE må pålegge Lyse kraft ei utgreiing som svarar ut korleis endra vasslepp i Suldalsvatnet kan påverke vassstemperatur, og dermed miljø- og fiskeforhold i Suldalslågen. Dersom det er slik at endra vasslepp etter søknad kan endre temperaturforhold i Suldalslågen i negativ retning, må det innførast vilkår som gjer at dette kan snuast i positiv retning for miljø- og fiskeforhold.

1.5. Vilkår og merknader, naturmangfald

Det må gjennomførast betre konsekvensutgreiing på naturmangfald og eventuelt innarbeidast naudsynte avbøtande tiltak. Mellom anna er vurderingane på rovfugl og vilt basert utelukkande på mangelfull eksisterande kunnskap. Det er registrert raudlista rovfuglar i området, utan at dette er følgt opp med kartlegging.

1.6. Vilkår og merknader, villrein

For at villreinen skal bli ivaretatt må det gjennomførast tiltak for å sikre villreintrekk på Holmavatnet, Tverrdalen/Sæbyggedalen og Votna (utveksling med Hardangervidda).

- Det må innførast vilkår i manøvreringsreglement for Holmavatnet som sikrar gode isforhold i perioden frå islegging (ca 1. desember) til utgangen av mars.
- Det må innførast vilkår i manøvreringsreglement for Votna som sikrar gode isforhold i perioden frå islegging (ca 1. desember) til utgangen av mars.
- NVE må pålegge Lyse Kraft å få utarbeida ei utgreiing om landbruver/villreintersklar i Votna med sikte på praktisk gjennomføring for å betre moglegheita for villreintrekk.
- Vinterferdsel i Tverrdalen og Sæbyggedalen må haldast på eit minimumsnivå for å unngå forstyring i forhold til villreinens beite og trekkaktivitet. Det må vere eit vilkår om at vegen til kraftstasjonsportal må vere vinterstengd og ikkje brøyt.

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for arten i Setesdal Ryfylke er dårleg. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom nasjonal tiltaksplan for villrein.

Kunnskapsgrunnlaget er tydeleg på at den samla belastninga ved utbyggingsløyisinga i delområda ved Votna, Tverrdalen/Sæbyggedalen og Holmavatnet gir ei samla auka belastning for villreinen. Å tillate fleire inngrep som forverrar tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er i strid med gjeldande retningslinjer, nasjonale mål og pågåande tiltak for å betre tilstanden i villreinområda.

Ei godkjenning av konsesjon slik den no ligg føre, med vesentleg negativ konsekvens for villrein, samstundes med pågåande nasjonalt og lokalt arbeid med tiltaksplanar for betre levevilkår villrein, kan svekke støtte og legitimiteten til dette viktige arbeidet, fordi ansvaret for måloppnåing då ytterlegare blir lagd på andre brukargrupper og mynde i fjellet, slik som kommunar, grunneigarar, ålmenta og aktørar innan friluftsliv

1.7. Vilkår og merknader, landskap

Konsekvensutgreiinga for landskap er mangelfull. Opprustingane av vegtrasear, tunellar, nye linjer og ny stor koplingsstasjon er ikkje vurdert og det er difor heller ikkje vurdert avbøtande tiltak. Kommunen er ikkje samd i at verdien av delar av kommunens sitt største KULA område er sett ned og at områdekonsekvensane for landskap samla sett er sett til «noko negativ konsekvens». Dei samla reelle inngrepa, spesielt frå Håmo til Sandvatn vil prege den framtidige landskapsoppfatninga.

1.10. Vilkår og merknader, friluftsliv

Suldal kommune saknar ei reell vurdering av om meir usikker is på Holmavatn vil bety at dei kvista skiløypene over vatnet må leggest ned.

Det er foreslått å legge løypene på land, med det er ikkje konsekvensutgreidd om dette er mogleg og kva konflikstar dette eventuelt får med trekk-korridorar og vinterbeiteområder til villrein i området. Lyse skriv i søknad at dei er innstilt på å sjå på moglege alternative trygge vintertrasear saman med DNT. Suldal kommune si vurdering er at dette er for seint å gjere i etterkant og forhold til villrein må vere med i vurderinga.

Suldal kommune saknar ei vurdering av om ei utbygging vil føre med seg at tilkomsten til området vert heilt eller delvis stengt for turfolk, fiskarar, jegerar, beitenæringa og grunneigarar i fleire sesongar under anleggsperioden.

1.13. Vilkår og merknader, linjenett

Det er ein svakheit med søknaden at konsekvensane av nytt transmisjonsnett og ny koplingsstasjon til Statnett ikkje vert vurdert samla med Lyse sitt framlegg til utbygging. Eit arealbeslag på 50-60 dekar pluss høgspenledningar med sikringssoner inn og ut til anlegget vil prege landskapet kraftig. Statnett sine anlegg vil og krevje oppgradering av infrastrukturen i området. Alt dette burde vore ein del av den samla vurderinga i KU, spesielt for landskap, naturmangfald og samfunn.

1.14. Vilkår og merknader, plan

Skal Suldal kommune gje dispensasjon frå kommuneplanen til omfattande ny utbygging er det avgjerande at kommunen finn fordelane med ei slik utbygging klart større enn ulempene og at gode avbøtande tiltak er innarbeid.

Delar av ei eventuell utbygging vil trenge dispensasjonar frå kommuneplanen sin arealdel. Suldal kommune har i fleire kommuneplanperiodar hatt ei restriktiv haldning til all ny bygging i heiområda, noko som og er vedteken i arealstrategien i kommuneplanen. Utbygginga skal i tillegg gjennomførast i område som er sett av som omsynssone for villrein, nasjonalt villreinområde og kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

1.15. Vilkår og merknader kraftinntekter

Suldal kommune ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne.

Suldal kommune bør få konsesjonskrafta som er relatert til kraftutbygginga. Konsesjonskraft er erstatning/kompensasjon for dei ulemper og inngrep kraftutbygginga medfører. NVE bør vurdere om det er grunnlag for å rekne pumpekraft som allminneleg forbruk.

Suldal kommune vil få auka kraftinntekter, men det er snakk om relativt små tal samanlikna med inngrepet. Samla sett så kan kommunen få opptil 6 millionar kr i årleg auka kraftinntekter (4 millionar kr i frå eigedomsskatt og 2 millionar kr i frå konsesjonsavgift) så lenge makstaket blir lagt til grunn. Det vil i tillegg kome inntekter i frå eigedomsskatt i frå nettutbygging.

2. Merknader til vilkårsrevisjonsdokumentet for Røldal Suldal

Suldal kommune fremmer sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram under. Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje til opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraft.

2.5. Roaldkvamsåna

Suldal kommune støttar Lyse sitt framlegg til løysing av kravet.

Dersom Nordmork kraftstasjon ikkje blir bygd, må ei miljøtilpassa vassføring i Roalkvamsåa gis på anna måte, til dømes gjennom slepp frå Kvanndalsfoss. Dette må vere innan 2033 jamfør måloppnåing for regionalplan for vassforvaltning.

I tillegg til miljøtilpassa vassføring må det gjennomførast erosjon- og biotopforbetrande tiltak. For å optimalisere vassmengda/habitatet bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring.

2.6. Brattlandsdalsåna

Det må vere eit vilkår om miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa. Dette vil vere viktig for storaure av nasjonal verdi, samt laks. Det må utgreiast nærare om vassføringa bør komme frå Røldalsvatnet og dermed gi ei minstevassføring og positive verknadar for heile dalføret, eller om ein skal pumpe vatn opp frå Suldalsvatnet (om lag 700 m) slik Lyse kraft beskriv.

I tillegg til miljøtilpassa vassføring må det gjennomførast erosjon- og biotopforbetrande tiltak. For å optimalisere vassmengda/habitatet bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring.

2.7. Stølsåna

Lyse Kraft vurderer slepp frå Stølsåa som ei dårleg løysing for å betre forholda for storaure og laks. Suldal kommune støttar dette, men desto viktigare er det med miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa.

2.8. Isvatnet

Dersom O/U-prosjektet ikkje realiserast må det innførast vilkår som betrar erosjonsforholda og vassmiljøet i Isvatnet og vassdraget nedstrøms. Det beste her vil vere å la vasstanden renne «naturleg» frå Isvatnet med fastsett vasstand, sekundært at vintertappinga skjer over ein lengre periode enn i dag.

2.9. Vassmiljø

NVE må pålegge Lyse Kraft å innhente eit godt kunnskapsgrunnlag om alle vassførekomstane i konsesjonen. Dette for si noko om å miljømål og miljøtilstand, samt vurdering av eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, deriblant minstevassføring.

Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon er å betre miljø- og naturforholda. Da er det ei føresetnad at kunnskapsgrunnlaget er på plass. For mange bekker/elver er kunnskapsgrunnlaget framleis dårleg.

2.10. Forvaltning innlandsfisk

Det føreligg eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld innlandsfisk i magasina. Det ligg dermed godt til rette for å oppdatera utsettingspålegg knytt til vassdraga. Suldal kommune si vurdering er at kravet er innfridd og at saka kan følgast opp i anna relevant samanheng enn vilkårsrevisjon.

2.11. Villrein

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til eit villreinfond etter etablert praksis. Fondet må ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.

Dersom det ikkje blir gitt konsesjon for O/U-prosjektet for austre vassdrag, eller det av anna grunn ikkje blir ei utbygging, må det påleggast at det blir etablert ein eller fleire villreintersklar over Holmavassåna.

NVE må pålegge Lyse kraft å greie ut fordelar og ulemper med ei restaurering/tilbakeføring av anleggsveg mellom Sandvatnet og Holmavatnet før ein tek ei slutning. Det må og vurderast flytting av bom lenger vest enn der den står i dag.

2.12. Kulturminne

Det må gjennomførast nye og avgrensa registreringar langs og i regulerte vatn med nye vitskaplege metodar. Dette for å sikre kunnskap og vurdere kulturminnas skadeomfang og moglege tiltak.

2.14. Næringsfond/økonomiske vilkår

Lyse Kraft må få pålegg om å opprette eit næringsfond for Suldal kommune. Omfang og innretning av eit slikt næringsfond skal avklarast nærare.

Det må sikrast at vertskommunane:

- får det samfunnskontrakten og vasskraftshistoria har lova
- får ei rettferdig del av den store verdiskapinga som RSK anlegga representerer

2.15. Nye krav

Grubbedalen: Det må gjennomførast tiltak i Grubbedalen for å betre erosjonskader og landskapsverdi.

Det beste tiltaket for natur og landskap vil vere å overføre vatn frå magasina i Grubbedalen uregulert til Votna i dagens tunellar (slik Isvatn er foreslått "uregulert" til Holmavatn).

Votna: NVE må pålegge Lyse Kraft å få utarbeida ei utgreiing om landbruer/villreintersklar i Votna med sikte på praktisk gjennomføring for å betre moglegheita for villreintrekk.

Det må inn tiltak for en trafikksikrings plan for berørt vei i forhold til myke trafikanter. Må inn i konsesjonssøknaden.

...og negativ påverknad på lokale grunneigarar og landbruk.

Konsesjonen bør ha med vilkår for Statnett sine nettutbygginger som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.

12.02.2025 Formannskapet

Handsaming:

Tillegg til innstilling, foreslått av Kari Vaage Gjuvsland, Arbeiderpartiet

Utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar mellom Nesflaten og Roalkvam

Tilleggsforslag til kommundirektøren si innstilling, foreslått av Åshild Vetrhus, Senterpartiet

Me ber NVE sjå på RSK og Ulla Førre-prosjekta i samanheng.

- Utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal
- RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.
- Konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.

- Konesjonen skal ha krav om minimum 10 varige arbeidsplasser.

Representanten Olav Lindseth V spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Olav Lindseth oppgir at han er medeigar i selskapa Energihotellet AS direkte og Nesflaten Eigedom AS gjennom selskapet Mogleiv Invest AS. Han er dalgelg leiar i Energihotellet og styremedlem i Nesflaten eigedom. Energihotellet AS og Nesflaten eigedom AS er ikkje part i saka. Ugildksapen blir då vurdert skjønnsmessig etter forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Er det andre særøigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til den folkevaldes gildskap.

Det skal leggst vekt på om avgjerdsla i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for representanten basert på tilknyttinga til Energihotellet og Nesflaten eigedom.

Kommunedirektøren meiner at representanten Lindseth vil kunne seiast å ha **særleg** fordel av avgjerda i saka gjennom rollene i selskapa Energihotellet og Nesflaten Eigedom, og at saka vil kunne svekke tilliten til hans gildskap, og vil rå til at representant Lindseth er ugild i handsaminga av saka.

Formannskapet finn representanten Lindseth ugild og kaller vara Dag Fisketjøn V.

Representanten Åshild Vetthus spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Åshild Vetthus er engasjert i Liv på Nes og er prosjektleiar for Views der ho arbeider på timesbasis. Liv på Nes og Views er ikkje part i saka. Ugildksapen blir då vurdert skjønnsmessig etter forvaltningsloven § 6 andre ledd. Er det andre særøigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til den folkevaldes gildskap.

Det skal leggst vekt på om avgjerdsla i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for representanten basert på tilknyttingen til Liv på Nes og Viewa.

Kommunedirektøren meiner at representanten Vetthus ikkje vil kunne seie å ha **særleg** fordel, og at saka er av overodna karakter opp mot hennar rolle og difor ikkje vil kunne svekke tilliten til hennar gildskap, og vil rå til at representant Vetthus er gild i handsaminga av saka.

Formannskapet finn representanten Vetthus gild.

Representanten Torbjørn Indrebø KrF ber om gruppemøte.

Kl.12.20 gruppemøte til kl.12.30.

Kari Vaage Gjuvsland fremmar forslag (punkt trafikktryggleik)

Kari Vaage Gjuvsland trekk forslag.

Åshild Vetthus SP fremmar tilleggsforslag til kommunedirektøren si innstilling.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling med tillegg frå SP

For: Samrøystes.

F - 006/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling

1.

Suldal kommune rår til at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK), under føresetnad av at vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i *“Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikrar leveområde for villrein.

2.

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i *“Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Me ber NVE sjå på RSK og Ulla Førre-prosjekta i samanheng.

- Utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal
- RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.
- Konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.
- Konsesjonen skal ha krav om minimum 10 varige arbeidsplasser.

06.03.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggpunkt til konsesjonsuttale, foreslått av Dag Fisketjøn, Venstre

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren si innstilling med følgande kommentarar og vilkår til konsesjonssøknaden:

Suldal kommune er uroa for påverkinga utbygginga kan ha for villreinstammen, og tek atterhald om at tilrådinga kan endra seg som ein konsekvens av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bestilt av NVE, og dersom vilkåra knytt til avbøtande tiltak for villrein ikkje vert imøtekomme i konsesjonen.

Suldal krev også at det vert gitt utvida frist på høyringa av NVEs innstilling, slik at det er mogeleg å handsama høyringa politisk.

Suldal kommune ber NVE leggja til grunn følgande vilkår for konsesjonen:

- 1) At RSK og Ulla Førre-prosjekta vert sett i samanheng.
- 2) At utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal.
- 3) At RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.

- 4) At konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjøve kraftverksopprustingane.
 - 5) At konsesjonen skal ha krav om minimum 10 varige lokale arbeidsplasser.
 - 6) At utbyggar må ha flaumsikring som eit sentralt fokus.
 - 7) At utbyggar må sjå på tekniske løysingar som gjer minst mogeleg negative konsekvensar for natur, miljø og innbyggarar, som til dømes frostrøyk.
 - 8) At pumping til Holmavatnet ikkje må skje ved islegging, seinast 1. desember og tidlegast 20.4
 - 9) At utbyggar bør på generelt grunnlag søka å oppnå ei forsiktig vannstandsauke ved pumping.
 - 10) At ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg.
- Alternativt forslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti
Høyringsvar frå suldal kommune blir vedteke med følgjande endring i avsnitt "1.
Konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk"

Ny tekst :

Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv er for store.

Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følgje. Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikre leveområde for villrein.

Forslag til vedtak:

1. Suldal kommune rår frå at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av Røldal og Suldal kraftverk (RSK) då dei samla negative konsekvensane for natur og dyreliv er for store. Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det vere under føresetnad av at kommunen sine vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i "Høyringsvar frå Suldal kommune - konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt villkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk"

Suldal kommune ber NVE leggja til grunn følgjande vilkår for konsesjonen i tillegg til det som alt kjem fram i høyringssvaret:

1) Suldal kommune ber NVE sjå på RSK og Ulla Førre-prosjekta i samanheng. Suldal kommune forventar at NVE ser på dei samla konsekvensane for heile Ryfylke – Setesdal området, under handsaming av Lyse sin konsesjonssøknad, spesielt med tanke på samla belastning for villreinstammen(jamfør vedlagt høyringsvar frå Suldal kommune.)

- 2) At utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal.
- 3) At RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.
- 4) At konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.
- 5) At konsesjonen skal ha krav om minimum 10 varige lokale arbeidsplasser.
- 6) At utbyggjar må ha flaumsikring som eit sentralt fokus.
- 7) At utbyggjar må sjå på tekniske løysingar som gjer minst mogeleg negative konsekvensar for natur, miljø og innbyggjarar, som til dømes frostrøyk.
- 8) At pumping til Holmavatnet og Votna ikkje må skje når det er farbar is, og tidlegast 20.4
- 9) At utbyggjar bør på generelt grunnlag søka å oppnå ei forsiktig vannstandsauke ved pumping.
- 10) At ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg

2

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i "Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Endringsforslag fra H, SV og SP, foreslått av Berit Fyljesvoll Haugslund, Senterpartiet
Endre pkt 8 frå «farbar is» til «islegging frå ca 1.desember»

Representanten Olav Lindseth V spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Olav Lindseth oppgir at han er medeigar i selskapa Energihotellet AS direkte og Nesflaten Eigedom AS gjennom selskapet Mogleiv Invest AS. Han er dalgelg leiar i Energihotellet og styremedlem i Nesflaten eigedom. Energihotellet AS og Nesflaten eigedom AS er ikkje part i saka. Ugildksapen blir då vurdert skjønnsmessig etter forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Er det andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til den folkevaldes gildskap. Det skal leggjast vekt på om avgjerdsla i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for representanten basert på tilknyttinga til Energihotellet og Nesflaten eigedom.

Kommunedirektøren meiner at representanten Lindseth vil kunne seiast å ha **særleg** fordel av avgjerda i saka gjennom rollene i selskapa Energihotellet og Nesflaten Eigedom, og at saka vil kunne svekke tilliten til hans gildskap, og vil rå til at representant Lindseth er ugild i handsaminga av saka.

Kommunestyret finn representanten Lindseth ugild og kaller vara Bonolo Ramphomane-Aandahl.

Representanten Åshild Vetthus spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Åshild Vetthus er engasjert i Liv på Nes og er prosjektleiar for Views der ho arbeider på timesbasis. Liv på Nes og Views er ikkje part i saka. Ugildksapen blir då vurdert skjønnsmessig etter forvaltningsloven § 6 andre ledd. Er det andre særlegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til den folkevaldes gildskap.

Det skal leggst vekt på om avgjerdsla i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for representanten basert på tilknytningen til Liv på Nes og Viewa.

Kommunedirektøren meiner at representanten Vetthus ikkje vil kunne seie å ha **særleg** fordel, og at saka er av overodna karakter opp mot hennar rolle og difor ikkje vil kunne svekke tilliten til hennar gildskap, og vil rå til at representant Vetthus er gild i handsaminga av saka.

Kommunestyret finn representanten Vetthus gild.

Dag Fisketjøn V fremjar tilleggspunkt til konsesjonsuttale for V, KrF og AP.

Reidar Sand SV fremjar alternativt forslag for SV, SP og H.

Iren Klungtveit Slagstad ber om gruppemøte. Gruppemøte 10 minutt.

Dag Fisketjøn V endring i pkt. 5 og 8.

Berit Fyljesvold Haugslund SP fremjar endringsforslag.

RØYSTING:

Fellesforslag frå V, KrF og AP:

For: 11 KrF, AP, V, SP Åshild Vetthus

Mot: 8 H, SV, Åsmund Bakka SP, Øyvind Tveitane Lovra SP, Lars Arne Bjørkland SP, Berit Fyljesvoll Haugslund SP, Geir Ove Løland SP

K - 007/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling

1.

Suldal kommune rår til at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK), under føresetnad av at vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i *“Høyeringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikrar leveområde for villrein.

2.

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i *“Høyeringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk»* (vedlegg 1).

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Med følgande kommentarar og vilkår til konsesjonssøknaden:

Suldal kommune er uroa for påverkinga utbygginga kan ha for villreinstammen, og tek atterhald om at tilrådinga kan endra seg som ein konsekvens av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bestilt av NVE, og dersom vilkåra knytt til avbøtande tiltak for villrein ikkje vert imøtekomme i konsesjonen.

Suldal krev også at det vert gitt utvida frist på høyringa av NVEs innstilling, slik at det er mogeleg å handsama høyringa politisk.

Suldal kommune ber NVE leggja til grunn følgande vilkår for konsesjonen:

- 1) At RSK og Ulla Førre-prosjekta vert sett i samanheng.
- 2) At utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal.
- 3) At RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.
- 4) At konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjølve kraftverksopprustingane.
- 5) At konsesjonen skal ha krav om minimum 10 varige lokale arbeidsplasser.
- 6) At utbyggjar må ha flaumsikring som eit sentralt fokus.
- 7) At utbyggjar må sjå på tekniske løysingar som gjer minst mogeleg negative konsekvensar for natur, miljø og innbyggjarar, som til dømes frostrøyk.
- 8) At pumping til Holmavatnet ikkje må skje ved islegging, seinast 1. desember og tidlegast 20.4
- 9) At utbyggjar bør på generelt grunnlag søka å oppnå ei forsiktig vannstandsauke ved pumping.
- 10) At ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg.